



Andreas Hagen
Vidnappsvegen 31
5947 Fedje

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/15 - 23/4220

Saksbehandlar:
Kristin Handeland
kristin.handeland@fedje.kommune.no

Dato:
22.08.2023

Svar på søknad om einskilthøve skjenkeløyve 30.09.2023

Administrativt vedtak. Saknr: 035/23

Saksutgreiing:

Me syner til søknad motteke 10.08.2023.

Med heimel i alkoholova, og etter delegert fullmakt fatta av kommunestyret i sak 069/20, vert det gjeve einskildhøve skjenkeløyve til Feddie Ocean Distillery As

Løyvehavar er Feddie Ocean Distillery As.

Styrrar for løyvet er Andreas Hagen.

Skjenketida for alkohol i gruppe III, er sett frå klokka 1300 til klokka 2200.

Utskjenka alkohol skal vera konsumert innan ein halvtime etter at skjenketida er slutt.

Løyvet gjeld «innomhus» i Feddie Ocean Destillery As sine lokale på adressa Kopper 13.

Utskjenka alkohol skal ikkje takast med ut bygget.

Løyvehavar og styrrar for løyvet pliktar å sjå til at reglane i alkoholova og forskrifta til alkoholova vert fylgde Aldersgrense 18 år.

Søknaden har vore til uttale hjå politiet, politiet har ingen merknadar til søknaden.

Det skal vera tilgang av alkoholfri drikke.

Gebyr: 800,-kr.

Vedtak

Feddie Ocean Destillery As får einskildhøve skjenkeløyve for alkohol i gruppe III, 30.09.2023 frå klokka 1300 til klokka 2200. Skjenkeløyvet skal nyttast i lokala til Feddie Ocean Distillery As på adressa Kopper 13.

Styrrar for løyvet er Andreas Hagen.

Med helsing
Kristin Handeland
Leiar Fellestenester/kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Andreas Hagen

Feddie Ocean Distillery As

Vidnappsvegen 31 5947

Kopper 13 5947

Fedje

Fedje